



Fylkesmannen i Hordaland

OSTER PUKK OG SAND AS
Eikemovegen 3
5994 Vikanes

Bergen, 4. juli 2018

Dykkar ref.:
Egil Kvingedal

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/6637
Sakshandsamar:
Silje Tingstad

Rapport etter inspeksjon ved Oster Pukk og Sand AS

Kontrollnummer: 2018.066.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Egil Kvingedal
Pieter Frederickx

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Silje Tingstad
Magne Nesse

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Oster Pukk og Sand AS
31. mai 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland 6 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Mudring
- Utsleppskontroll
- Internkontroll
- Handtering av farleg avfall
- Oljeutskiljar
- Tanklagring

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Silje Tingstad
overingeniør

Stein Byrkjeland
ass. miljøvernsjef

Kopi til: Lindås kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

| | |
|---|---------------------------|
| Navn: OSTER PUKK OG SAND AS | |
| Organisasjonsnr.: 973165305 | Eigd av: 932307952 |
| Bransjenr. (NACE-kode): 08.120 - Utvinning fra grus- og sandtak, og utvinning av leire og kaolin | |

Kontrollert eining

| | |
|---|---------------------------------|
| Navn: Oster Pukk og Sand AS | Anleggsnr.: 1263.0011.01 |
| Kommune: Lindås | Fylke: Hordaland |
| Anleggsaktivitet: Pukkverk | |
| Løyve gitt: Regulert av forureiningsforskrifta kap. 30 | Sist endra: - |

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin nasjonale kontrollaksjon for pukkverk, og er ei oppfølging frå tilsvarende aksjon i 2012.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft og støy
- Utslepp til vatn
- Avfall
- tanklagring

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekket under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglante etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Oster Pukk og Sand AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Oster Pukk og Sand AS innan 1. oktober 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på avvika som vart avdekka i denne inspeksjonen. Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved nytt tilsyn.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda 22. mai 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebrysatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Oster Pukk og Sand AS betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebrysats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagan til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har mudra på sjøbotnen utan å søkje om løyve

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta §§ 22- 3, jf. 22-6

Kommentarar til regelverket:

Mudring er forbode, unntatt når løyve er gitt med heimel i § 22-6. Søknad om løyve skal innehalde dei opplysningsane som er nødvendige for å vurdere om løyve skal bli gitt og kva for vilkår ein må stille, som opplysningar om innhald av helse- og miljøskadelege stoff på sjøbotnen.

Søknadsskjema for tiltak i sjø og vassdrag ligg på internettsida til Fylkesmannen i Hordaland, under Skjema.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda opplyste ved tilsynet at dei mudrar om lag 500-700 tonn lausmassar på sjøbotnen nedanfor kaien om lag ein gong i året. Verksemda har ikkje søkt om dette.

Avvik 2

Verksemda kan ikkje dokumentere om dei overheld grenseverdiar for støy og utslepp til vatn

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta § 30-9, jf. §§ 30-6 og 30-7.

Kommentarar til regelverket:Vatn

I forureiningsforskrifta § 30-6 står det at prosessvatn utan miljø- eller helseskadelege stoff/eigenskapar kan gå til sjø- eller ferskvatnsresipient viss maksimalkonsentrasjonen av faststoff/suspendert stoff i utsleppspunktet er under 50 mg/l og viss utsleppet ikkje medfører nedslamming i resipienten. Utsleppet skal heller ikkje påverke vasskvaliteten i primærresipienten slik at tilstandsklassen for resipienten blir endra.

I forureiningsforskrifta § 30-9 punkt b står det at verksemda skal gjennomføre representative målingar av utslepp til vatn. Prøvetaking og måling skal vere kvalitetssikra. Verksemda skal ha dokumentasjon på at utslepp ikkje er helse- eller miljøskadelege og kva for vurderingar og/eller tiltak som er gjort for å hindre nedslamming og for å sikre tilstandsklassen i resipienten. Eit måleprogram skal inkluderast i verksemda sin internkontroll, jf. § 30-9 c andre ledd.

Støy

Pukkverk skal ikkje overskride støygrenser gjeve i forforureiningsforskrifta §§ 30-7 og 30-8. For å dokumentera at man overheld støygrensene skal støy frå pukkverket ved mest støyutsette bustad gjennom berekning og/eller måling av støy utførd av konsulent med akustisk kompetanse.

Måleprogram

Verksemda skal ha eit måleprogram for kontrollmåling av støvnedfall og utslepp til vatn og støy som skal inngå i verksemdas internkontroll. Føremålet med målingane er å dokumentere at krav vert overhaldne.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Vatn

Det er avrenning av partiklar frå verksemda til sjøen, sidan massar som har hopa seg opp utfør kaien må mudrast årleg. Verksemda har ingen reising av vatn som går til sjø. Verksemda opplyser at dei nok ikkje overheld grenseverdien for suspendert stoff på 50 mg/l.

Det vert opplyst at verksemda har eit sedimentasjonsbasseng der det er tipp for jord frå steinbrotet. Utsleppet går til bekk. Det vert ikkje tatt prøver frå dette sedimentasjonsbassenget. Det vart også opplyst at tippen er lite i bruk.

Støy

Kartlegging av støy frå heile verksemda er gjennomført av Sweco, og presentert i rapporten *Industriområde for Eikefet og Urdal. Støy frå masseuttak og pukkverk* av 5. mars 2012. Berekna støynivå ved bustadane vart ikkje vurdert opp mot støygrensene i §§ 30-7 og 30-8, men opp mot lempelagare krav frå løyvet som gjaldt før forureiningsforskrifta kom i 2010. Rapporten *Støymåling, steinknuseverk, Eikefet* av Multiconsult 3. mai 2016 omfattar berre støy frå tipping av Stein i sjakta og målt støy ved bustaden på gnr. 220 bnr. 6. I den rapporten er det nytta støygrensene i forureiningsforskrifta § 30-7.

Resultat frå rapportane viser at støykrav ikkje er overhaldne, sidan det er drift ved verksemda døgnet rundt.

Måleprogram:

Verksemda opplyser at dei har utarbeidd måleprogram i 2013, men dei kunne ikkje finne det ved tilsynet. Sjå også avvik 3 om internkontroll.

Avvik 3

Internkontrollen for ytre miljø har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6, 7 og 8

Kommentarar til regelverket:

Risikovurdering

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planer og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Avviksbehandling og rutinar

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje overskridinger av krav fastsett i eller i medhald av helse-, - miljø- og tryggleikslovgivinga.

Oppdatering av internkontrollen

Verksemda skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer etter hensikta.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Risikovurdering

Verksemda har risikovurdering, men denne var sist oppdatert i 2015.

Avviksbehandling og rutinar

Verksemda har eit elektronisk avvikssystem, men det vart opplyst at det primært vart nytta for å melde inn avvik på tryggleik, og at det ikkje hadde vore kultur for å melde avvik innan ytre miljø. Det var heller ikkje definert kva som skal utløyse avvik for ytre miljø.

Verksemda har eit samledokument for rutinar innan ytre miljø: *Internkontroll – Rutiner for oppfyllelse av krav og vilkår for utsippstillatelse*. Dette var ikkje oppdatert. Datoen på dokumentet var 2. mars 2006.

Verksemda mangla eller hadde manglar ved ein del skriftlege rutinar for ytre miljø, til dømes:

- rutine for drift, tømming og vedlikehald av oljeutskiljar
- mangefull rutine for handtering, lagring levering og deklarering av farleg avfall
- Sikker lagring av kjemikalie, herunder tanklagring
- Måleprogram for vatn, støy og støv (vart opplyst at hadde, men vart ikkje framvist)

Lista er ikkje uttømmande. Det er verksemda sitt eige ansvar å vurdere kva for skriftlege rutinar som er nødvendige for å sikre at drifta er i samsvar med regelverket.

Oppdatering av internkontrollen

Mykje av internkontrollen innan ytre miljø er av eldre dato.

Avvik 4

Verksemda har manglar i handteringen av farleg avfall

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 11-5

Kommentarar til regelverket:

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneske eller dyr.

Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje samanblandast viss dette kan medføre fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringen av avfallet.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Farleg avfall skulle lagrast ved verkstad i nærleiken av steinbrotet og i verkstad nede ved knuseverket. Lagringa var ikkje i samsvar med regelverket. Til dømes:

- Det var mangefull merking av farleg avfall.
- Begge lager bar preg av uorden.

- Lageret ved steinbrotet hadde ikkje tett dekke.
- Noko farleg avfall var observert utandørs. Til dømes var ei tønne med spillolje og batteri lagra utandørs på ein pall oppå eit dekk rett bak ein hjullastar.
- Utette fat med spillolje vart lagra utandørs i påvente av pumping opp på tank.
- Det vart observert avfall tilgrisa med olje i restavfallet.

Sjå også avvik 6 om tanklagring.

Avvik 5

Oljeutskiljar vert ikkje drifta tilfredsstillande

Avvik frå:

Forureiningslova § 7

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentarar til regelverket:

Forureiningslova § 7 slår fast at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining utan at det er lovleg etter § 8 eller 9 eller tillate etter vedtak i medhald av § 11.

Rutine for drift og vedlikehald av oljeutskiljar skal vere inkludert i internkontrollen.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Oljeutskiljar var plassert på vaskeplass. Det var mykje grus på vaskeplassen og kummen til oljeutskiljaren sto delvis open. Det vart ikkje tatt målingar av kva som gjekk inn og ut av oljeutskiljaren. Det var uklart om vaskeplassen vart brukt til føremålet.

Avvik 6

Lagring av tankar med farlege kjemikalie og farleg avfall er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta §§ 18-4 og § 18-6

Forureiningslova § 7

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Kommentarar til regelverket

Kapittel 18 i forureiningsforskrifta om tanklagring av farlege kjemikalie og farleg avfall gjeld for tankar over 10 m³ med petroleumsprodukt og tankar over 2 m³ med farlege kjemikalie eller avfall.

Den som er ansvarleg for lagringa og tilknytta aktivitetar skal sørge for at miljørisikoene ved lagringa vert analysert. Den skal omfatte alle tilhøve ved tanklagringa som kan føre til fare for forureining til vatn, grunn og luft. Den skal evaluerast årleg og om nødvendig oppdaterast.

§ 18-6 i forureiningsforskrifta set krav til ei rekkje førebyggjande tiltak som verksemda skal setje i verk. Til dømes:

- Tankanlegg skal vere eigna for formålet slik at fare for forureining vert minimalisert. Blant anna skal materialval, val av plassering, sikringstiltak og dimensjonering vere slik innretta at fare for forureining blir minimalisert.
- Tankanlegget skal sikrast med nødvendige barriere mot dei ulike typar hendingar som kan føre til forureining. Ei barriere er ein funksjon eller tiltak som er planlagt, etablert og vedlikehaldt for å bryte eit uønskt hendig som kan føre til forureining.
- For tankar med innhald som er væske ved normalt trykk og temperatur gjeld krav om oppsamling for heile tankens volum. For tankar som er etablert før 1. januar 2014 gjeld dette kravet frå 1. januar 2019.
- Tankanlegget og tekniske barrierer skal til ein kvar til ha tilfredsstillande tilstand for å førebyggje forureining.

Forureiningslova § 7 slår fast at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining utan at det er lovleg etter § 8 eller 9 eller tillate etter vedtak i medhald av § 11.

Uavhengig av tankens storleik må verksemda risikovurdere lagring av kjemikalie i samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda hadde fleire tankar som er omfatta av reglane i forureiningsforskrifta kapittel 18 om tanklagring. Blant andre:

- Utandørs lagring av spillolje i ein rusten metalltank på 9,5 m³ utan sikring
- Dieseltank på 12,5 m³, der det var synleg forureina grus på bakken under tanken
- Det vart opplyst at den store tanken det vart pumpa spillolje på hadde oppsamlingsarrangement for 10 % av tankens volum. Det var hol i oppsamlingsarrangementet.

7. Andre tilhøve

Søknad om løyve

Verksemda har ein årleg produksjon på 2 000 000 tonn. Det vart opplyst på tilsynet at verksemda vil søkje om utsleppsløyve, sidan dei meiner at det vil vere umogleg å halde kravet for utslepp til vatn på 50 mg/l suspendert stoff.

I søknad om løyve skal ein del dokumentasjon leggjast ved. Detaljar finn de i forureiningsforskrifta § 36-2.

I samband med søknad om løyve etter forureiningslova for verksemda må det leggjast ved ein oppdatert støyrapport for heile verksemda(knuseverket, sjakta, steinbrotet, utskipingskaia inkludert støy frå skip) der støy ved omkringliggjande bustader i nosituasjonen vert dokumentert. Vidare må støykonsulenten beskrive avbøtande tiltak for å redusere støy, inkludert eventuelle tiltak på sjølve bustadane, og kva som er støynivå etter at slike tiltak vert gjennomført.

Oppfølging av underentreprenør

Drift i steinbrotet er sett bort til underentreprenør. Vi føreset at Oster Pukk og Sand AS følgjer opp underentreprenøren sin i høve til oppfølging av denne rapporten, og at det vert inkludert i verksemvenes internkontroll, jf. internkontrollforskrifta § 6 om samordning av internkontrollen for verksemder som utøver arbeid på same arbeidsplass.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova med underliggjande forskrifter
- produktkontrollova §§ 3 og 3a
- forureiningsforskrifta kap. 18 om tanklagring og kap. 30 om pukkverk
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta